

Partssamansett utval 09.10.2017

Stad: Smia, Hornindal, kommunestyresalen

Dato: 09.10.2017

Tid: 0900-1100

Tilstades		Frafall
Jørgen Amdam	Leiar, Volda	
Hild Våge	Medlem, Volda	
Erlend Krumsvik	Medlem, Volda	
Stig Olav Lødemel	Nestleiar, Hornindal	
Lars Alv Haugen	Medlem, Hornindal	
Nina Lødøen Øen	Medlem Hornindal	
Sirikit Vågen	Hovudtillitsvalt, Volda	
Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter	Hovudtillitsvalt, Volda	
	Hovudtillitsvalt, Hornindal	Idar Holen
Norunn Helene Holmøy-Wang	Hovudtillitsvalt, Hornindal	

Sak 1: Mandat Partssamansett utval

Fellesnemnda gjorde i møte 20.06.2017, sak PS 6/17, vedtak om oppretting av eit Partssamansett utval (PSU). Utvalet fekk følgjande mandat:

Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingsavtale.

Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga.

All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjetttrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.

Sjå vedlegg: Vedtak partssamansett utval

Sak 2: Omstillingsavtale

PSU var einige i at arbeidet med ei omstillingsavtale var det som måtte prioriterast først. Administrasjonen fekk i oppgåve å starte arbeidet og involvere dei tillitsvalde i dette. Det kom innspel frå dei tillitsvalde at det var viktig å ha fysiske møter, i tillegg til bruk av e-post mm.

Administrasjonen har tidlegare gjort ei kartlegging av personalmessige tilhøve i dei to kommunane. Her er blant anna særskilte faktorar knytt til ei omstillingsavtale omtala.

Omstillingsavtala skal vedtakast av Fellesnemnda. Det er ønskjeleg at dette blir gjort så snart som råd, seinast ved utgangen av januar 2018.

Sjå vedlegg:

Rapport Løn og personal

Særlege forhold i ein omstillingsavtale

Sak 3: Arbeid med personalreglement

I kartlegginga utført av administrasjonen har ein også kikka på de to kommunane sine personalreglement og rutinar på viktige områder. Det vart ikkje sagt noko om korleis det vidare arbeidet her skal organiserast, det må PSU kome attende til.

Sjå vedlegg: Rapport løn og personal

Sak 4: Arbeidsgjevarstrategi

I sak til Fellesnemnda bør det skisserast korleis ein tenkjer sjølve prosessen knytt til utarbeiding av ein arbeidsgjevarstrategi for den nye kommunen.

Neste møte: ny møtedato blir avtale seinare.